



5.1.2015

Høyringsuttale om:

"Forslag til endringer i opplæringsloven og privatskoleloven - Krav om relevant kompetanse i undervisningsfag m.m. "

Oppvekst og utdanning i HAFS (regionalt samarbeid om skule og barnehage mellom kommunane Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Solund, Gulen og Høyange) har drøfta høyringsnotatet om framlegga og sett dei i samanheng med strategidokumentet "Lærarløftet. På lag for kunnskapsskolen."

Vi har desse merknadene:

1. Både framlegget til lovendringar og innhaldet i "Lærarløftet" legg opp til eit reint faglærarsystem i skulen, heilt ned i fyrste klasse. Dette vert ytterlegare understreka av den utprøvinga av karrierevegar som regjeringa legg opp til (s.38 i Lærarløftet). Her er målet fagspesialistar. Masterutdanninga peikar i same leia.

Vi tykkjer konsekvensane av eit reindyrka faglærarsystem for skule- og læringsmiljøet er altfor lite vurdert. Vi meiner det kan ha ein del utilsikta konsekvensar for læringsmiljøet, som skifte av lærarar frå time til time og såleis mindre samanheng i skuledagen. For små skular og små kommunar kan det verte direkte problematisk om det vert lagt for stor vekt på faglæraren framfor klasselæraren.

Grunnskulen skal grunnutdanne elevane slik at dei får oversikt og samanheng. Ei for sterk satsing på fag bryt med dette.

Med så sterkt fagfokus det vert lagt opp til, meiner vi utfordringa med samarbeid og delingskultur vert meir utfordrande enn det alt er.

2. I høyringsnotatet om lovendingane vert det lagt opp til å binde vidareutdanningsmidlane til kompetansekrava. Dette gjev lite rom for skuleeigar til å disponere arbeidskrafta slik dei meiner det vil vere best for skulen og elevane. Handlingsrommet er tilnærma lik null i den perioden dette skal gjennomførast. Vi er også uroa over at med mange på vidareutdanning vil behovet for vikar bli svært stor. Noko som er negativt for kvaliteten.

3. Ingen er mot at lærarar skal ha god formell og djup fagkunnskap. Men legg ein for einsidig vekt på fagkunnskapen, meiner vi det vil få fylgjer for andre kvalitetar ved lærarrolla. Dette er ikkje eit spørsmål om enten eller, men om balansen mellom dei ulike kvalitetane lærane må ha.

4. Krav om fordjuping i fag også for dei lærarane som var tilsett før 1. januar 2014 vil gjere at midlane til vidareutdanning einsidig går til dei prioriterte faga og det meste av midlane går til individuell kompetanseheving.

Den kollektive kulturen og kompetansen vert i Lærarløftet understreka som viktig, men det vert mykje ord og lite midlar til dette. For å utvikle skulane til lærande organisasjonane og skape dei kollektive kulturane, er det naudsynt med meir enn ord.

I "Ungdomstrinn i utvikling" oppfattar vi at organisasjonslæring og utvikling av kollektive kulturar er hovudsaka, med den skulebasert kompetanseutviklinga som det sentrale. Vi tykkjer det skulle vore satsa meir og sterkare på dette, framfor den individuelt orienterte vidareutdanninga.

Læreplanane er endra med at dei grunnleggande dugleikane no er ein integrert del av fagplanane. Vi meiner det skulle ha vore satsa meir på å auke kompetansen på dei grunnleggande dugleikane i alle fag, skulebasert. Det ville ha vore eit konkret tiltak for å utvikle samarbeidskulturen og tenking på tvers av fag. Ungdomstrinn i utvikling er ei stor satsing der kommunane i regionen har vore med i fyrste pulje. Vi ser no at vi på eit og eit halvt år berre såvidt har kome i gang. Her hadde det vore trong for meir midlar for å hindre at satsinga vert ein " happening" som ikkje gjev resultat.

5. Skulen og læraren si rolle vil verte endra med den teknologiske utviklinga. Skulen og læraren vil meir og meir verte tilretteleggarar for læring. Læraren må difor vere ekspert på å rettleie og tilrettelegge for kollektive prosessar i klassesamanheng. Det er heilt naudsynt å tenkje ei anna organisering enn i dag. Dei endringane vi ser kan og vil kome, har ein teke lite omsyn til i utforming av kompetansekrava og vidareutdanninga.

For Oppvekst og utdanning i HAFS

Åsmund Berthelsen

Åsmund Berthelsen
(utviklingsrettleiar)

Mobil: 93237073

E-post: asmund.berthelsen@fjaler.kommune.no